



## Notat Arbeidsutvalet Nordfjord vassområde 11.06.2013

Møtet fann stad på Nordfjord Hotell, Nordfjordeid 11.06.2013 kl 9 - 14.

### Tema:

#### **Finansiering av Nordfjord vassområde**

Vågsøy kommune ønsker på sikt ei anna fordeling av kostnadene mellom kommunane i vassområdet. Stryn kommune bidrar i 1 planfase (t.o.m. 2015) med beløp som tilsvarar 20 % av sitt folketal på grunn av at kommunen er komen langt i planlegginga etter deltaking i pilotfasen, som einaste kommune i Sogn og Fjordane. Det er naturleg at Stryn kommune etter 2015 går inn med fullt bidrag etter vedteken fordelingsnøkkel.

#### **Revidering av dokumentet «Innspel til Vesentelege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde Nordfjord»**

Dokumentet av 15.10.1012 vart godkjent av Vassområdeutvalet. Dokumentet har lege til høyring til 31.12.2012. Det kom inn 18 innspel, inklusiv innspel som vart initiert i samband med prioritering av vassdragskonsesjonar til vilkårsrevisjon.

Innspela er formidla til Fylkesmannen eller vassregionen, og er såleis tekne med i arbeidet etter vassforskrifta. Dokumentet «Innspel til Vesentelege spørsmål om vassforvaltning frå vassområde Nordfjord» har avgrensa verdi som grunnlag til arbeid vidare etter vassforskrifta, med tiltaksanalyse m.m. Det er Vann-nett.no som definerer kva for påverknader og vassførekomstar som skal stå i fokus. Fylkesmannen, som har ansvar for innhaldet der, har fått innspela til vurdering.

Arbeidsutvalet ønskjer ikkje å prioritere revidering dokumentet.